

## **SALSVILKÅR FOR BUSTADTOMTER - HAREID KOMMUNE**

1. Den som får tildelt tomt må innan ein måned frå melding om tildeling seie frå om at han/ho tek den tildelte tomta.

2. Kjøpesummen forfell til betaling innan 3 månader etter at tildelinga er gjort. Ved underskriving av kjøpekontrakt forfell kjøpesummen til betaling innan ein måned. Kjøpesummen er den som til ein kvar tid gjeld på tidspunkt for utferding av skøyte og kjøpekontrakt. Er kjøpesummen ikkje betalt innan ein måned etter betalingsfristen, kan kommunen på fritt grunnlag tildele tomta til andre.

3. Kommunen kan fastsetje andre betalingsvilkår i einskilde høve, eller etter søknad gjeve utsetjing med betaling.

4. Parsellen skal nyttast til bustadtomt, og kjøparen forpliktar seg til å iverksetje bygging på tomta innan 2 - to – år etter at tomta er stilt til kjøparen sin disposisjon, dvs. dato kjøpesummen er betalt til Hareid kommune. Om bygging ikkje er i verksett innan nemnde frist, kan kommunen krevje tomta tilbakeført mot å tilbakebetale innbetalt kjøpesum i høve skøyte utan rentetillegg.

Om kjøparen ønskjer å overdra eller bortfeste tomta i ubygd stand, har Hareid kommune forkjøpsretten til tomta mot betaling av innbetalt kjøpesum utan rentetillegg.

Kommunen kan fråvike desse reglane i einskilde høve.

5. Arbeid på tomta må ikkje setjast i gong før tomta er innløyst og kommunale avgifter betalte. Kvittering for at tomta er innløyst må eventuelt framleggast før utstikking kan føretakast.